



# Hardangerrådet iks



Til Kulturdepartementet  
Ved Kulturminister Torhild Widvey  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

## Uttale til Høring om Insentivordning for filmproduksjon i Noreg.

Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 Hardangerkommunane/-herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda Ullensvang og Ulvik. Regionen Hardanger har lange fjordar, milde og bratte lier, stupande og utstrakte fjell, buldrande fossar og juv, snøfonner med aktivitet, industristader, frukthagar, større og mindre tettstader, internasjonalt kunst- og kulturliv, aktivt og tilretteleggjande reiselivstilbod med mykje meir.

Som vertskap for storfilmar som Vikings (1958) og Star Wars (1979) har Hardanger lenge sett verdien av å ha besøk av internasjonale spelefilmar. Regionen har eit unikt mangfald av lokasjonar som den internasjonale filmbransjen er interessert i å fanga. Hardangerkommunane har bestemt seg for å satsa på ei aktiv vertskapsrolle for Film- og TV-produksjonar i regionen med slagoret «Filmvennelege Hardanger». Det betyr at regionen vil vera aktiv tilretteleggjar og vertskap for dei initiativ som kjem for lokasjonar i Hardanger.

De siste 10 åra har Hardanger tatt i mot ei rekkje internasjonale spelefilmar. KO (India), Frankenstein (Hallmark/USA), The Keys to the House (ACHAB/Italia), La Passione (Fandango/Italia), Alaska Johansson (ARD/Tyskland), Nobody Wants the Night (Spania/Frankrike) er nokre døme frå desse 10 åra. Til felles for desse filmane er at dei er gjort utan nokon form for finansiering frå Noreg. Som resultat av manglande insentiver i Noreg kuttar disse filmane innspillingdagar i regionen, og minimerer bruk av lokale fagfolk og tenester. Endå fleire produksjonar velgjer vekk Hardanger fullstendig - dei søker seg heller til regionar og land der dei kan få insentiver.

Hardanger har unike, attraktive miljø, og ei besøks- og servicenæring med ledig kapasitet til å serva fleire internasjonale filminnspelningar. Hardanger ser at regionen, med ei insentivordning, kan ta ein mykje sterkere posisjon på den internasjonale filmscena. Regionen er avhengig av å tilby tilsvarende rammebetingelsar som andre land med attraktive miljø (som Island, Irland, Østerrike, Frankrike, New Zealand, Canada).

Det er betydelig ledig kapasitet i den regionale filmbransjen, og i tilknytt næringer slik som besøksnæring og andre tenesteleverandører til filminnspelningar. Ei insentivordning for fleire internasjonale filmproduksjonar vil dermed styrkja verdiskapinga i Hardanger, og ikkje fortrenge annan produksjon. I tillegg til sjølve innspillinga kjem direkte og indirekte inntektsgjevande aktivitetar som aukar statens skatte- og avgiftsgrunnlag. I andre land som har innført slike ordningar, er skatteprovenyet fra den auka aktiviteten høgare enn staten sine utgifter til ordninga. Ei ordning som fører til økt økonomisk aktivitet er ikkje ei einsidig utgift, men ei utgift til «inntekts ervervelse».

Hardanger ser derfor ei insentivordning for å vera samfunnsøkonomisk lønnsam på kort og

lang sikt. Filmproduksjon i Noreg er viktig distriktsretta næringspolitikk og ikkje berre kulturpolitikk.

Hardanger vil støtta utgreiinga om at en norsk ordning hentar hovедtrekk fra den islandske, og at raten vert sett til 25% (nivå mellom Island og Irland). Hardanger føreslår at regjeringa utarbeider ei rettighetsbasert ordning, regulert i form av ei forskrift.

Hardangerrådet tilrår følgjande:

- Ordinga vert vedteken i løpet av haustsesjonen og vert gjort gjeldande for utenlandske produksjonar fra 1.1.2015. Ei ordning for utenlandske produksjoner må sjåast uavhengig av dei kulturpolitiske målene for den nasjonale filmpolitikken, og bør dermed etablerast uavhengig av filmmeldinga.
- Ordingen vert vurdert også for nasjonale produksjonar i samband med den varsla filmmeldinga.
- Ordinga refunderer 25% av godkjende produksjonskostnader i Noreg der søker er eit norsk selskap, ansvarleg for produksjonen i Noreg.
- Den konkurranserettslige grunngjevinga for ordninga vert i tråd med ordninga som er godkjent for Island.
- Ordinga er open for spillefilm, animasjonsfilm og høgkvalitets tv-drama som styrkjer norsk kultur, historie og natur, eller som tilfører auka erfaring, kunnskap og kunstneriske ambisjoner til norske filmarbeidere.
- For å sikre forutsigbare rammer vert ordninga innført uten eit øvre tak og uten søknadsfristar.
- Incentivordningen vert lansert saman med ei reetablering av ein fristilt nasjonal filmkommisjon, for å styrkja marknadsføringa av dei unike lokasjonane Noreg kan tilby.
- De regionale fonda og sentra i regionar med størst internasjonal aktivitet vert vesentleg styrka, for å sikra og utvikla attraktive fagmiljø der produksjoner søker seg.

Kinsarvik 13.08.2014

Med fruktbar helsing Hardangerådet iks.

John Opdal/s  
Rådsordførar

Leiv Vambheim  
Dagleg leiar

Kopi til :  
Kommunane/herada i Hardanger  
Vestnorsk Filmsenter  
Western Norway Film Commission  
Fimfondet Fuzz  
Norsk Filmfond